

Årsrapport 2012 - SNO-Sogndal JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK



Lokalt SNO: Anne Rudsengen

**I tillegg er det kjøpt tenester av:
Utmarksressurs v/Ole Runar Aabrekk
Kjetil Ruud, Luster
Diverse entreprenører og fagarbeidarar**

Føreord

Dette er andre årsrapporten frå SNO-Sogndal til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2012 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Dette er første året med å utføre det arbeidet som vart «bestilt» gjennom Bestillingsdialogen mellom SNO og nasjonalparkstyret hausten 2011. Dette blir omtalt i tekst og bilde frå s. 11 og utkvittert i vedlagte skjema.

Arbeidet som SNO utfører blir i stadig større grad dokumentert gjennom ulike databaser. Den elektroniske feltdagbok viser m.a. kor mykje tid som er brukt i ulike verneområde, og i Verneområdeloggen vil etter kvart alle tiltak og alle anlegg i nasjonalparken bli kartfesta og vist med bilde.

Jostedalsbreen nasjonalpark er ein mykje besøk park med mange innfallsporter og med mange rettighetshavarar og andre aktørar og interesser. Det er difor naturleg at det er mange som ynskjer mykje om og for dette området. Tiltaka i Jostedalsbreen nasjonalpark har vore mykje tilrettelegging for turgåarar, lokale og tilreisane. Det er også gjort eit arbeid på den informasjonsdelen som gjeld skilting. På tiltak innan skjøtsel – kulturlandskap og informasjon – naturrettleiing er det ikkje gjort så mykje. Her er det mykje å gripe tak i, men det skorter på personressursar over tid. Samanlikna med nasjonalparkane vi legg i nærleiken av (Breheimen, Reinheimen og Jotunheimen), så har Jostedalsbreen færre personressursar både på forvaltnings- og oppsynsida. Jostedalsbreen nasjonalpark, ein av dei mest besøkte i landet, fortener meir!

Anne Rudsengen
Naturopsyn
tlf: 95963888

Framsidedfoto: På toppen av Kamperhamrane mellom Sunndalen og Skjåk

Innhold

Føreord.....	2
Innleiing.....	4
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a.....	5
Brot på verneforskrifta.....	5
Utviklingstrekk.....	5
Grenseskilting.....	6
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år.....	6
Registrering/overvåking.....	7
Tilrådde oppfølgingspunkt neste år:.....	7
Formidling.....	8
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:.....	8
Informasjon om breane.....	9
Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt:.....	9
Utkvittering av bestilte tiltak i 2011 (jf skjema B og C).....	10
Skålastiprosjektet.....	10
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år.....	11
Restaurering av gamle ferdselsveggar.....	12
Dei aktuelle stiane er:.....	12
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:.....	13
Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt.....	13
Bergsetbreen.....	13
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:.....	14
Bøyabreen.....	14
Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:.....	15
Bødalseter.....	16
Sunnaldalen.....	16
Austerdalen, Veitastrond.....	16
Langedalen, Veiastrond.....	16
Vedlegg:.....	17
A. SNO kjerneoppgaver – innspel/forventingar frå styret til SNO på SNO sine kjerneoppgåver.....	17
B. Bestillinger frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til SNO personellressurser utover SNO sine kjerneoppgåver.....	17
Statens naturoppsyn (SNO).....	18

Innleiing

Årsrapporten frå SNO om Jostedalsbreen nasjonalpark til styret er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette er ein formell plattform mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. Med bestillingsdialogen ser ein på kva for arbeid, tiltak og prioriteringar som bør utførast i forvaltningsområdet for kvart år. SNO rapporterer om aktiviteten i inneverande år og seier noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og kjem med forslag til oppfølgingar. Dette vil då vere eitt av innspela og bakgrunnen for å stake ut kursen for neste år.

Bestillingsdialogen er formalisert gjennom eit skjemasystem (A,B og C-skjema), sjå vedlegg. Dette blir sendt til DN/SNO sentralt som prioriterer tiltaksdelen utifrå statsbudsjettet og nasjonale politiske føringar. Nokre større prosjekt bruker å bli løfta fram for å få fram ”fyrtårn-prosjekt” som kan vare over fleire år. Skålastiprosjektet har vore eit slikt. Trongen for midlar er ulike i verneområda og kan variere frå år til år.



20 år sidan opninga av nasjonalparken vart markert i Jostedalen i juni. Ei jubileumskake høyrer med, og styreleiar blir "guida" av kjentmann Tom Dybwad.

Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

På oppsynsturane freistar vi å ha eit ope auge for alt rundt oss. Sjølv tilsynet med at verneforskrifta blir halde ligg under heile tida, men er ingen stor utfordring i nasjonalparken. I 2012 har det blitt utført ein god del registreringsarbeid av skilt, bygg og tekniske anlegg for innlegging i databaseprogrammet Verneområdeloggen som blir tilgjengeleg for nasjonalparkstyret når det får litt meir innhald og blir kvitt «barnsjukdommane». Elles freistar vi å registrere/ha oversyn over m.a. endringar i bruk/slitasje, framande artar, truga artar og kulturminne. For alle verneområde vil det bli utarbeid Bevaringsmål for ulike tema og aktuelle dyre- og planteartar.

SNO følgjer opp tiltak og dispensasjonar som nasjonalparkstyret har bestemt. Etter kvart blir òg alle tiltak og aktivitet som SNO utfører i nasjonalparken registrert på kart og med bilde og tekst i den omtalte Verneområdeloggen. SNO registrerer òg i databasane www.artsobservasjoner.no og www.rovdata.no



I dalføret framføre Austerdalsbreen på Veitastrond er den sjeldne mnemosynesommarfuglen tidlegare blitt registret

Brot på verneforskrifta

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. I 2012 hadde SNO ingen anmeldelser på brot på verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark.

I august kom SNO over eit tilfelle som ligg i grenseland til brot på verneforskrifta. Dette var 10 tretrapper som var bygd opp over sva for å lette tilkomsten til Brenndalsbreen. Trappene var i liten grad festa. Etter å ha konferert med jurist i SNO, vart det utforma eit brev der aktøren vart gjort merksam på at tiltaket var søknadspliktig. Vidare vart det opplyst at dersom tiltaket ikkje vart omsøkt eller fjerna, ville SNO vurdere å anmelde. Aktørane har no sendt søknad om tiltaket.

Utviklingstrekk

Nasjonalparken er stor, og det er umogleg å vere like godt tilstades overalt. Når nærveret av oppsyn eller forvaltning ikkje er så ofte, kan det bli sett i gang tiltak som skulle ha vore omsøkt. Eit større nærvær av forvaltning/oppsyn vil òg kunne informere om aktuelle samarbeidstiltak, økonomisk stønad og liknande.

SNO ser at det er ei auke i turistflyging over nasjonalparken. Verneforskrifta gir eit forbod om å flyge lågare enn 300 meter over terrenget (grensa er 150 m utanfor nasjonalparken). Det er

vanskeleg å stadfeste om ein del av flyginga bryt denne grensa. Helikopterflyging er mest populær på solskinsdagar då òg mange turgåarar ynskjer å gå på tur. SNO vil halde fram med å følgje med på denne aktiviteten.



Nokre av dei ti trappene som var sett opp for å lette tilkomsten til Brenndalsbreen. Tiltaket vart utført utan å søke nasjonalparkstyret.

Grenseskilting

Også i 2012 heldt SNO fram arbeidet med å sjekke og skifte ut og sette opp nye grenseskilt. Ei fullstending liste over grenseskilt vil etter kvart føreligge. Skilta er sett opp der (godt brukte) stiar kryssar nasjonalparkgrensa. Dette er ikkje juridisk skilt, så dei treng ikkje stå presist på grensa. Skilta falmar etter kvart, blir øydelagd av vêr og vind eller blir tekne (souvenirer/herverk).

I 2012 vart det skifta skilt på følgjande stader:

Befringsdalen- stien mot Kvannebakknova, Stardalen Jølster
Befringsdalen – stien mot Blåvatnet, Stardalen Jølster
Tverrdalen i Stardalen, Jølster
Haugadalen i Stardalen, Jølster
Ruteflotdalen i Lodalen, Stryn

I 2012 vart det sett opp nye skilt på følgjande stader:

Supphelledalen i Fjærland, Sogndal
Langedalen i Stardalen, Jølster
Fåbergstølsgrandane i Jostedalen, Luster
Bergset – stien mot Steinmannen i Jostedalen, Luster

Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

I løpet av neste år vil truleg alle aktuelle stader for grenseskilt vere oppdatert og føreligg kartfesta og med bilde og status i Verneområdeloggen.



Grenseskilt ved Haugabreen i Jølster er skifta ut og godt festa. Haugabreen i bakgrunnen til venstre.

Registrering/overvåking

SNO har gjennom fleire år nytta teljarar for å følgje med på ferdsla i aktuelle område. Teljarane, Eco Counter, reagerer på endring i varme når ein person eller dyr passerer, eller ev. også direkte sollys/refleksjon. Teljarane registrerer med nøyaktigheit på timen kor mange som går forbi teljaren i begge retninga (in og out). Erfaringar så langt viser at det er noko feilregistrering, og desse legg seg som «in»-registreringar

Gjennom sommaren 2012 har det stått ferdselsteljarar på følgjande stader i nasjonalparken:

- På stien inn til Bødalbreen
- På stien inn til Austerdalsbreen
- På stien inn til Bergsetbreen

Data frå registreringa i år føreligg ikkje enno. Det vil bli utarbeid ein eigen rapport frå ferdselsregistreringane.

Frå 2011-registreringane ved Bødalseter kan eg lese ut følgjande: Det går i gjennomsnitt over 100 personar inn og ut ved Bødalseter kvar dag i hovudsesongen frå 22.juni til 22.september. På det meste, er det godt over 300 personar. Registreringane viser at det har vore mest besøk på torsdagar. Teljingane viser at det er ein markert topp rundt kl. 11:00, då folk går innover. Tilbake strekker perioden seg meir utover, men flest mellom 15:00 og 17:00.

Tilrådde oppfølgingspunkt neste år:

Ein bør halde fram med å registrere ferdsla i desse områda, og vurdere om det er trong for registreringar i nye område.

Formidling

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum har høve til å ta kontakt. Likevel er det ofte vi som SNO som tek kontakt med folk vi møter i naturen og då kjem gjerne naturfaglege spørsmål opp som samtaleemne. Med den store mengda med folk som besøker Jostedalsbreen nasjonalpark, så er det mange aktuelle å formidle til.

I 2012 har det blitt mindre spesifikke formidlings- og informasjonstiltak for SNO-Sogndal i forhold til tidlegare år. Lærdalsmarknaden var ein av dei stadene vi var tilstades. Der hadde vi SNO-lavvo på marknadsområde og informerte om vårt arbeid og snakka om relevante saker med publikum. Naturquiz, kaffe og hellekaker.

Gjennom året har lokalt SNO bistått nasjonalparkforvaltaren og vore til stades på alle møta som nasjonalparkstyret har hatt og der bidrege med informasjon og føredrag. Ved markeringa av 20 år sidan opninga av Jostedalsbreen nasjonalpark (under Brefestivalen i Jostedalen i juni) var lokalt SNO til stades med jubileumsføredrag i lag med Tom Dybwad.

SNO-Sogndal har delteke på to interne oppfriskningskurs i år, eitt om flora og eitt om fuglekunnskap. Dessutan arrangerte lokalkontoret, i lag med SNO-Sandane, kurs/kompetansedagar for andre kollegaer, tenstekjøp og forvaltarar.



SNO informerer på Lærdalsmarknaden

Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:

Same tilråding som i årsrapporten i fjor: Dei besøkande som er innom ein av nasjonalparksentra vil sjølvsagt få ein del kunnskap om naturen i nasjonalparken. Utover det, så ligg nasjonalparken godt til rette for lett å samle folk til formidling. Dei største mengdene med folk er rett ved innfallsportane der det også er mykje interessant å sjå og lære, ikkje minst innan geologi. Det hadde vore flott å kunne hatt naturformidlarar som sesongarbeidarar knytt

til ulike innfallsportar og som samstundes kunne vore med å tatt ein tak med anna oppsynsarbeid.



Jubileumsforedrag i samband med markering av «Jostedalsbreen nasjonalpark 20 år»

Informasjon om breane

Vi har allemannsretten i Noreg som gjer det mogleg for folk å ferdast fritt i utmark om ein viser respekt for landbruket og dyrelivet elles. Dette gjer at vi ikkje, med loven i handa, kan nekte folk å gå på stader der dei kan utsette seg for fare. Turistar som kjem til Jostedalsbreen ynskjer naturleg nok å oppleve breen på nært hald og mange går difor tett inntil eller opp på isen utan nok kunnskap og utsett seg difor for fare. SNO ser det som ei informasjonsoppgåve å sette opp skilt framføre brearmane som fortel at ein ikkje må gå vidare. Sjølv om brearmane dei siste åra har trekt seg tilbake, er det likevel fareleg å gå tett på mange stader fordi det kan rase ned is frå breen høgare oppe. Fleire stader der breen har trekt seg tilbake vil steinura vere laus med fare for utglidning og steinsprang. Det står brefareskilt framføre i alt ni brearmar kring Jostedalsbreen.

Briksdalsbreen har dei siste åra sett ”snillare” ut, men her er farleg å gå for nære. For å sikre turistane enno meir har reiselivsnæringa ønskt ei permanent gjerding. Korkje forvaltning eller naturoppsyn har mynde til å sette opp eit slik gjerde, men politiet kan gjere det utifrå omsyn til liv og helse. SNO utførte arbeidet med å sette opp 16 ledd med konsertgjerde/franske gjerde i 2011. Dette gjerde vart mest heilt gravlagt av eit stor og uventa snøskred/steinras som kom ned sist vinter. Politiet i Stryn var med på felles synfaring våren 2012 og har ansvaret for å sette opp og halde vedlike gjerde.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt:

Sjølv om brearmane trekker seg tilbake er det framleis trong for opplysning til publikum i dette ”levande” landskapet som er framføre brear. Gjerdet som er sett opp framføre Briksdalen er i grått og dominerer ikkje i landskapet, men er eit tydeleg stengsel når ein nærmar seg. Dei bør difor stå eller skiftast ut viss dei blir øydelagde no i løpet av vinteren.



Politiet i Stryn har ansvar for å sette opp og halde vedlike gjerde framføre Briksdalsbreen (bildet teke april 2012)

Utkvittering av bestilte tiltak i 2011 (jf skjema B og C)

Skålastiprosjektet

Bakgrunnen for det fleirårige arbeidet med Skålastien er:

- Å unngå stor slitasje av sårbar vegetasjon når stien spreiar seg,
- Ta vare på det kulturminnet som stien med steintrappene utgjer
- Legge til rette for friluftsliv

I Skålastiprosjektet har vi gjennom fem år steinsatt delar av stien der det har vore stor slitasje, det er bygd steintrapper og lagt til rette gjennom urer og over nokre sva og gamle steintrapper og helleganger er reparert: i alt nesten 3 km. Der det er steinsatt gjennom vegetasjonsområde er sidene blitt revegetert. Mykje vatn er leia vekk frå stien og det er laga og utbetra over 100 stikkrenner, dei fleste steinsatte. Det er bygd oppatt ei kraftig bru og fleire store sikte-vardar er restaurert og nybygd.

2012 var siste året med store tiltak på stien til Skåla. Det mest utfordrande arbeidet vart gjort i området mellom Tjugen seter og Sjinglebrua. Der stien går i ein skarp sving var det utglidd mykje masse. På eit tidlegare tidspunkt vart det vurdert om stien skulle leggest om. Slik stien har blitt i dag så gjorde vi det rette med å oppruste der han låg. Stien vart grave ut som ei hylle i terrenget, det vart sett ned store stabile steinar og lagt på med pukk, grus og toppdekke.

Mellom stiane, for å få vegetasjonen til å feste seg igjen, vart det lagt ned kokosmatte og revegetert på toppen. Lengre ned i stien vart to etablerte snarvegar steinsatt, kvar på ca. 20 meter, og ein strekning på ca. 100 meter vart grusa.

Over svad/svedjer i ca. 1550 meters høgde vart over ei strekning på ca. 300 meter bygd opp steintrapper av stein frå terrenget. I området mot toppen vart den gamle hellelagte stien reparert.

I år var det i all hovudsak manuelt arbeid på stien, utført av steinbyggjarar frå Nepal. I tillegg vart det brukt ein jarnhest til å trekke fram stein og køyre ut grus. Arbeidet har vore godt styrt av Ole Runar Aabrekk som prosjektleiar og arbeidsleiar ute. Det føreligg eigne rapportar om arbeidet med Skålastein.



Kokosmatte er nytta for å hindre vidare erosjon ved eit utsett parti av stien



I nesten 1800 meters høgde reparerer sherpaene den gamle hellelagte steinstien

Utfordringar og tilrådde oppfølgingpunkt neste år

Vi ser oss no ferdig med dei store tiltaka på Skålastien. Det er viktig at det blir eit godt årleg vedlikehald og oppfølging av stien som det lagt ned så store ressursar i. Det står framleis oppe nokre enkle gjerde med skiltet: «Følg stien – sårbar natur», som bør stå i nokre år til. Ei utfordring på delar av stien er kantane av den steinaette stien. Nokre stader tek det tid før vegetasjonen klarer å etablere seg. Dette går ekstra sakte der det blir tråkka av både kyr og

turgåarar. Eit forslag kan vere å gjødsle i desse områda. Det finst erfaring frå andre verna høgfjellsområde ein kan lære av.

Tilrettelegginga bør òg følgjast opp med årlege målingar/registreringar med det som er revegetert og på mogleg slitasje utanfor stien. Norsk institutt for naturforskning har laga ein mal for arbeidet som SNO har fått innføring i.

Restaurering av gamle ferdselsveggar

Det føreligg no ein plan med tilrådingar om opprusting av fem gamle ferdsleveggar i Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette er stiar som er til dels bratte og det er brukt ulike teknikkar og bygningsmåter for å føre stien fram: Tørrmuring med stein, wire/kjetting/tau og bruer.

Alle stiane er mykje mindre brukt enn Skålastien, og vi ser ikkje føre oss ei oppgradering som på det nivået. Stiane er lange og/eller bratte. I kostnadene er det rekna inn prosjektleiing (150 000 for kvar sti), arbeidstimar for fagarbeidarar, losji, helikopterfrakt der det er naudsynt og alle materialkostnader (wire, materiale til bru mm).



I Lundeskaret har det vore bygd opp med steintrapper og brukt wirer for å gjere stien framkommeleg og sikker

Dei aktuelle stiane er:

Kamperhamrane (Stryn): Går frå Sunndalen i Oppstryn og over mot Raudalen i Skjåk. Dette var ein gamal ferdselsveg mellom aust og vest. Her er ikkje så bratt, men det er bygd opp ein god del trapper gjennom ura. ***Kostnadsoverslag: 599 000 inkl. mva.***

Oldeskaret (Stryn): Går frå inst i Oldedalen og over til Haugadalen i Jølster. Også gamal ferdselsveg og i ”nyare” tid har det vore stemneplass på fjellet mellom bygdene. Her er delar av stien (på oldedalsida) så bratt at det enkelte stader er lagt ut kjettingar til å halde seg i og det er laga fotstøttar. Vatn som renn over stien er òg eit problem. ***Kostnadsoverslag: 626 000 inkl. mva.***

Lundeskaret (Jølster): Går opp inst i Kjøsnesfjorden og opp til Trollavatnet og over til Fjærland eller Haukedalen. Dette er kortaste kryssinga av Jostedalsbreen og ein gamal ferdselsveg. Dette skal vere den brattaste tilrettelagte stien som DNT ga midlar til i si tid. Her er både steintrapper og kjettingar. ***Kostnadsoverslag: 688 000 inkl.mva.***

Flatbrehytta (Sogndal): Stien går opp frå Øygard i Fjærland til Flatbrehytta og Flatbreen. Delar av stien vart øydelagd av flaumskredet tilbake i 2004. Det er laga fleire versjonar av ny sti. Delar av eksisterande gammal sti bør òg vedlikehaldast. *Kostnadsoverslag: 860 000 inkl. mva.*

Steinmannen (Luster): Går opp inst i Krundalen i Jostedalen. Denne stien går opp til hyttene som NVE eig på Steinmannen. Vidare er det kort veg opp på breplatået. *Kostnadsoverslag: 388 000 inkl. mva.*

Det vart «tjuvstarta» på arbeidet på Oldeskaret der det i 2012 vart sett opp ei bru, ca. 1000 moh., der elva er stor gjennom sommarsesongen.

Kamperhamrane utgjer ein del av den historiske ferdslevegen mellom Sunndalen og Skjåk som Riksantikvaren og DNT-sentralt har plukka ut til å vere ein av to pilotprosjekt i landet. Det første møte om denne satsinga var på Hjelle 21. september i år.

Utfordringar og tilrådde oppfølingspunkt neste år:

For alle dei fem omtalte stiane er det viktig å få utført vedlikehaldsarbeid. Lokalt SNO vil ikkje tilråd noko prioritering. Dette er fem av stiane, og det finst 10-tals fleire aktuelle stiar som leiar inn og opp i nasjonalparken.



Brua i Oldeskaret vart flogge opp halvfabrikert frå bygda. Det er brukt H-bjelkar og kjerneved av furu.

Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt

Arbeidet med å lage tekster og samle inn bilde og vurdere kvar kvart einskilt skilt skal stå er godt i gang. Etersom det er ulik tekst og ulike bilde på kvart skilt så er det eit ressurskrevjande arbeid. Bremuseet er involvert i administrering av arbeidet, nasjonalparforvaltar er prosjektleiar og lokalt SNO bidreg med lokalkunnskap og bilde. Eksterne ressursar blir brukt til delar av arbeidet.

Bergsetbreen

I år er det lagt ned mykje arbeid i å utbetre den familievennlege stien inn mot Bergsetbreen i Jostedalen. Stien er mykje brukt men det har tidvis vore forferdeleg vått og gjørmete på større strekningar. Tidleg på 2000-talet vart delar av strekninga kavlelagt (lagt ned ferdiglagde einingar av trebord) over dei verste stadene. Turgåarane bruker desse og det gror til att i dei oppgatte og gjørmete områda ikring. Det har stått att lengre strekningar og desse har det blitt arbeidd med no dei sisteto åra. Ei lengre strekning er kavlelagt, det er rydda noko skog langs stien og ikkje minst har det blitt arbeidd med å styre vatnet.

I 2011 vart den første strekninga rett innafor parkeringsplassen heva i terrenget for å unngå å bli øydelagt av flaumstor elv. Som toppdekke på denne strekninga vart det lagt store steinheller til å gå på (etter råd frå NVE). Det viser set at turgåarane går rett attmed steinhellene – ei erfaring å ta med seg.

Utfordringar og tilrådde oppfølgingpunkt neste år:

Det er viktig at stien innover blir halde vedlike årleg. Spesielt må mindre bekker og veiter opnast oppatt på våren. Dei mindre bekkene som no igjen er leia inn att til elva frå Tuftebreen må haldast vedlike.



Kavlelegging i år før det er grodd til att langs sidene.



Godt etablert kavlelegging.

Bøyabreen

Utsikta mot Bøyabreen er ein av dei mest besøkte, og teljing frå tidlegare år viser at det passer over 1000 personar her om dagen i høgsesongen. Ny bru var på plass i fjor, og i år har grunneigarane/Brevasshytta grusa vegen fram til brua.

Utsikta mot breen og dei geologiske naturminna blir stadig meir skult av attgroing. Det vart difor i år utført ei utsiktsrydding der i hovudsak or vart hogd ned og stubbebehandla for å

hindre at det gror raskt til igjen. Enkelte bjørketre lot vi stå igjen. Dei hogde trea og buskane vart flisa på staden. Heile området det vart rydda i ligg rett utafor nasjonalparkgrensa. Bruk av glyfosat på stubbane var i samråd med grunneigarane.



Ved utsiktspunktet mot Bøyabreen er ein stor oreskog hogd ned



Bøyabreen

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:

Sjølv om også Bøyabreen går tilbake, så er han eit mektig skue og landskapet i kring viser korleis breen har forma det. Når no ein del tre og busk er fjerna vil dei geologiske spora synast betre. Den aller beste oppfølginga er eit stor beitetrykk med ulike husdyr. Det er truleg ikkje lett «å sette på» mykje beitedyr i dette området, så ein bør vurdere om det skal hoggast meir og dei rydda områda må følgast opp.

Med så stort besøk som Bøyabreen har og med kort veg frå parkeringsplass til utsiktspunkt, ligg det godt til rette for å gje meir informasjon til dei besøkande.

Bødalseter

Slutføring av arbeidet ved den nybygde brua over elva ved Bødalseter vart ikkje utført av grunneigarane i 2012 som planlagt. Dette må følgast opp slik at det blir gjort neste år.

Bakgrunn: I oktober 2010 øydela flaumen eine brukaret og brua ved Bødalseter. Med rask respons frå grunneigarar, NVE, forvaltninga og SNO vart brua reparert og bygd opp att same hausten. Det var viktig å utføre arbeidet på seinhausten fordi elva då var lita nok til å gjennomføre mure- og bygningsarbeidet. Grunna overskjønn på naturskadetaksten, så vart ikkje arbeidet med steinmuring og revegetering slutført året etter.

Sunddalen

Materialet til bruene er innkjøpt og frakta inn, men arbeidet med oppattbygging blir utsatt til neste år. Det er grunneigarane som har fått løyve og midlar til arbeidet.

Bakgrunn: Også i Sunddalen har flaum øydelagd bruer i 2011. Nasjonalparkforvaltaren og SNO var på synfaring med grunneigarrepresentant i haust. På fire stader er det trong for utbetring eller nybygging. Dette er i Sygneskaret, ved Stillvassvollen, ved setre og ved Tverrelva.

Austerdalen, Veitastrond

Brumaterialet vart ikkje frakta inn med snøskuter fordi det var for dårlege forhold. På seinvinteren (våren) vart det gjort eit forsøk i lag med studentar frå friluftslina ved Høgskulen i Sogndal å trekke alt materialet inn på pulk og liknande. Det viste seg at det var for lite snø til å få det til. Materialet vart difor floge inn med helikopter tidleg på sommaren. Aktuell lokal aktør som skulle bygge opp brua har ikkje funne tid til dette i år. Det vart difor laga ei provisorisk bru med materialet på staden. Brua må byggast opp til sommaren.

Bakgrunn:

DNT samla på sommaren aktuelle aktørar for å diskutere ansvar, kostnader og vedlikehald av nye bruer. På møtet var representantar frå Veitastrond (bygdslag/turgåarar/grunneigar), Naturarvprosjektet i Luster kommune, Luster Turlag, DNT-sentralt og SNO. Det vart bestemt at DNT-Oslo tek ansvaret for å få bruene bygd opp att og gjer avtale med ein lokal tilsynsperson i Veitastrond. Både Luster Turlag, Luster kommune og SNO signaliserte at dei kan hjelpe til med kostnadene. Lokal aktør tok på seg arbeidet.

Langedalen, Veiastrond

Stien inn Langedalen og vidare opp mot Midtnovi bør leggast om. Både lokale turgåarar, DNT-Oslo og nasjonalparkforvaltar er samd i dette etter ei synfaring i 2011. Vidare oppfølging er lova frå DNT-Oslo som har etablert Base Camp ved Tungestølen og er interessert i å ha mange gode turalternativ i området. Denne oppfølginga kom ikkje i år

Vedlegg:

A. SNO kjerneoppgaver – innspel/forventingar frå styret til SNO på SNO sine kjerneoppgaver

Tema	Merknader
Oppsyn	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark. Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet.
Kontroll	Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssakar og halde generell kontroll med motorferdsel i nasjonalparken.
Grensemerking	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut.
Vegleiing	Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdist.
Erfaring	Følgje opp det nye nasjonalparkstyret, vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte og kompetanseprogram når det trengs.

B. Bestillinger frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til SNO personellressurser utover SNO sine kjerneoppgaver

Bestillingsnummer (fylke + nummer + år)	Prioritet Kategori 1-3 og evt frist for oppdrag	Hvis verneområde ID-nr. for området (Naturbase)	Navn på område/ lokalitet	Beskrivelse av oppdrag	Anslått tidsbruk i ukeverk	Kryss av hvis behov for egen rapport	SNO sin rapportering av oppdraget (SNO fyller ut etter utført arb.)	SNO sine forslag til vidare oppfølging, eventuelle oppgaver som ikke er utført (fylles ut etter utf. arb.)
JBNP 1 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Systematisk registrering/ bilete av faste installasjonar, t.d bruer, løveskilt, infotavler, etc.		Verneområdel oggen	Ein del registreringar er gjort, men mykje står att. Registreringar blir lagt i Verneområdelogg	Arbeidet må halde fram neste år
JBNP 2 –	1		Jostedalsbreen	Oppfølging av arbeidet på		x	OK. Eigen rapport	Mindre årleg

2012			nasjonalpark	Skålastien			føreligg.	vedlikehald naudsynt. Måling av reveg.og slitasje. Ev. gjødsling
JBNP 3 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Fortsette arbeidet med ferdselstellar og vurdere ev nye plasser for utplassering		x	Tre teljarar har vore ute. SNO-sentralt gjer nedlasting. Rapport vil kome.	Bør framleis vere på same stader: Skåla, Bødalseter, Austerdalen og Bergset
JBNP 4 – 2012	2 – Frist før turist- sesongen		Jostedalsbreen nasjonalpark	Sikringstiltak foran Briksdalsbreen, ev andre brear der folk utgjer ei fare for seg sjølv			Politiet følgjer opp sperringar v Briksdalsbreen. Elles: OK	Følgje opp ved aktuelle brearmar.
JBNP 5 – 2012	1- Juni 2012		Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidrag ved ev jubileums- arrangement i juni			OK. Jubileumsføredrag 15.juni i Jostedalen	
JBNP 6 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegge førekomstar av mnemosynesommerfugl, rovfugl andre raudlista artar, samt svartelisteartar		Avh av funn	I medarb.samtale med nærmaste leiar vart dette nedprioritert, man har vore merksam på aktuelle artar.	Følgje opp. Gjerne meir spesifikt på art eller område.
JBNP 7 – 2012	1		Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidra til plan for restaurering av gamle ferdselsveger			OK. Har gått alle fem stiane.	SNO kan truleg vere prosjektleiar på eitt el.to aktuelle tiltak neste år
JBNP 8 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidra til prosjekt med infoskilt rundt breen			OK. Har lese tekster, bistått med bilde og lokalkunnskap og delteke i møte.	Følgjer opp vidare.
JBNP 9 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidrag i prosessen med rev. av forvaltningsplanen			Arbeidet er ikkje starta opp enno.	



Statens naturoppsyn (SNO)

SNO er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan som utøver mynde etter Lov om statlig naturoppsyn av 21. juni 1996. Lova gir SNO-personell tilsynsmynde og ansvar for oppsyn av følgjande miljølovar: friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, laks- og innlandsfiskelelova, markaløva og delar av ureiningslova i heile landet, både på offentleg og privat grunn. Oppgåva er todelt og rettar seg både mot tilsyn og overvaking av naturtilstanden og tilsyn med menneske si åtferd i naturen i høve gjeldane regelverk. Ei viktig utfordring for naturoppsynet er skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Den nasjonale leiinga i SNO ligg i Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim og det heiltidstilsette lokale naturoppsyn har arbeidsstad knytt til sitt geografiske oppsynsområde; totalt 61 lokale kontor med til saman 93 tilsette ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjonar: to kystseksjonar, to nasjonalparkseksjonar, ein rovviltseksjon og ein naturvegleiarseksjon.

Hovudoppgåva er informasjon og rettleiing, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette ligg òg viktige oppgåver innan rovviltforvaltning, m.a. bestandsregistrering og dokumentasjon av skader knytt til den lovfesta erstatningsordninga på bufe og tamrein. Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. SNO har òg eit overordna ansvar for Skjærgårdstjenesten; ei interkommunal ordning med hovudansvar for skjærgårdsparkane mellom Bergen og Halden.

Det blir lagt vekt på å etablere eit godt samarbeid med andre aktørar innan naturoppsyn. Dette gjeld både fjelloppsynet i regi av fjellstyra, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særleg er samordninga med politiet viktig når det gjeld kontrolloppgåvene. Samarbeidet med ulike aktørar er formalisert gjennom avtalar, rolleavklaringar og tenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturoppsynet meir effektivt og profesjonelt. Verksemda er framleis i vekst og utviklar seg i tråd med dei rammene som finst i forarbeid til lovar og gjennom styringsdialogen med Miljøverndepartementet.